# Meland kommune

Ingrid Eriksen
Skarpenesvegen 127
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | 13.10.2015 |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne-Lise Næs Olsen | |
| Vår: 14/419 - 15/18659 | anne.lise.olsen@meland.kommune.no | |

## Avslutta sak - frådeling av parsell - eigedom 41/3

Meland kommune viser til dykkar søknad om frådeling til bustadformål av 28.01.2014, og til tidlegare dokument i saka.

Omsøkt parsell er omfatta av reguleringsplan for hyttefelt på Skarpenes. I denne reguleringsplanen så er parsellen regulert til fritidsbustad.

Dersom arealformålet skal endrast så lyt det etter administrasjonen sitt syn eventuelt skje gjennom ei planendring. De lyt i så høve knyte til dykk ein konsulent for å fremje forslag til endring av reguleringsplan.

De har søkt om frådeling og kryssa av for dispensasjon frå reguleringsplan i søknaden. Dispensasjonssøknad skal jf. Plan- og bygningslova § 19-1 grunngjevast særskilt. Dersom dispensasjonssøknaden skal behandlast så lyt den grunngjevast, men kommunen kan ikkje seie noko om utfallet ved ei slik behandling.

Me minner elles om gebyrregulativet vårt for dispensasjonssaker som de kan finne på heimesida: http://www.meland.kommune.no/plan-utbygging-og-kommunalteknikk.298756.nn.html

Me har ikkje høyrt frå dykk sidan vår e-post av 23.07.2014, og saka vert no avslutta dersom de ikkje tek snarleg kontakt med kommunen.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Frank Ove Eriksen
Terje Hilland
Jan Børre Eriksen

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ingrid Eriksen | Skarpenesvegen 127 | 5918 | FREKHAUG |